

FORBØN TIL FAMILIEGUDSTENESTE

- Kjære Gud, vi ber for alle dine born på jorda. Ver nær hos dei, om natta og om dagen. Takk for at alle som trur på deg høyrer saman. Hjelp oss å hugse at alle kristne i verda er våre sysken.
- Vi ber for dei som ikkje får lov til å ha gudsteneste, slik som oss. Hjelp dei å samlast på andre måtar, og pass på dei. Vi ber for dei som blir arresterte av politiet, fordi de fortel andre om Jesus. Vær hjå dei og trøyst dei, og lat dei sleppe fri.
- Vi ber for kristne som må flykte frå husa sine og finne nye stader å bu. Vern om dei og hjelp dei til å finne tryggleik. Kjære Gud, hjelp oss så vi kan hjelpe våre kristne sysken som har det vondt. Takk for at vi kan be for dei og vite at du høyrer.
- Kjære Gud, takk for at vi lever i eit fritt land og får leva opent om vår tru. I nokre land må dei kristne møte kvarandre i løyndom, slik at ikkje politiet, myndigheter eller naboar får vite om det. Gud, ver hjå alle som har det slik.
- Vi ber om at alle menneske i heile verda må få fridom til å leve ope med trua si. Gjer oss modige, slik at vi alltid arbeider for fridom for andre menneske, og slik at vi tør å stå imot urett og undertrykking. Takk for at du høyrer alle bønene våre, anten vi ber stilt eller høgt.